## Uskedalens dag i budsjettmøtet

19.12.2013



Gledesdag for kyrkja

**Kommunestyret sin budsjetthandsaming i dag var ein gledesdag også for Uskedalen. Utbyggjinga av Rosendalstunet betyr mykje også for vår bygd, men i tillegg kom 3 andre viktige vedtak, om kyrkja, skulen og branntroppen.**



Gledesdag for skulen

Koalisjonen sto bak desse prosjekta som vart klubba i dag:

* Innvendig måling av kyrkja i samband med 100-årsjubileet som tek til om stutt tid. Løyvinga er på 100 000 kroner.

* Den eldste delen av skulen vert renovert. Løyvinga er på 2,5 millionar kroner.

* Branntroppen slepp likevel å gje avkall på telefongodtgjersle i inntil 2 år som eit bidrag til opprusta brannstasjon og ny brannbil. Løyvinga er på 120 000 kroner.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen




Gledesdag for branntroppen